



Hei!

Vi er inne i ei spesiell tid. Krisesituasjonen som har oppstått som følge av Covid-19-viruset er krevjande for mange. Eg håper at de er friske, og at de og familien tar godt vare på kvarandre.

Nasjonale tiltak

For å avgrense og utsetje smitte har Noreg iverksett svært inngripande tiltak. Vi veit at det vil bli tøffe tider i næringslivet i Alver. Det har og vil kome fleire nasjonale tiltak for å avgrense tap i ein del næringar, men mange vil få utfordringar. Difor vil vi oppfordre næringslivet vårt til å stå i lag gjennom den tøffe tida. Bruk lokale leverandørar, gi naboen, og kanskje konkurrenten, ei hjelpande hand, ver løysingsorienterte og sjå det store biletet.

Vi ønsker å lytte til dykk i situasjonen vi er i, og har ein tett dialog med Nordhordland Næringslag og lokale bedrifter.

Utsetje betaling?

Alver kommune sendte ut faktura på kommunale avgifter for ei lita tid tilbake. Har du betalingsutfordringar, eller har andre spørsmål om fakturaen din? Kontakt oss på faktura.privat@alver.kommune.no.

Takk for at du bidrar

Eg er imponert over den omstillingsevna og velviljen næringslivet vårt har vist. Tusen takk for at de bidrar i vår felles dugnad mot koronaviruset. Ein spesiell takk sender vi til dei lokale bedriftene som har bidratt med smittevernutstyr.

Hald deg oppdatert på siste nytt på www.alver.kommune.no/korona og www.facebook.com/alverbu/. De finn og god informasjon på nasjonale myndigheiter sine nettsider www.fhi.no, www.helsedirektoratet.no og www.helsenorge.no.

Samfunnet vårt er sett på prøve no. Samhald er stikkordet.

Hald hovudet kaldt og hjartet varmt! ♥

Mvh

Sara Hamre Sekkingstad | Ordfører

sara.sekkingstad@alver.kommune.no

Telefon: 456 07 474